



**DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Likelydande brev
Sjå vedlagte liste

Dykkar ref

Vår ref
05/1563- TKB

Dato
21.05.2007

Framlegg om endringar i ekomforskrifta, ekomlova mv. - Føresegn om fellesfakturerte tenester over elektroniske kommunikasjonsnett mv.

1. Innleiing/Bakgrunn

Samferdselsdepartementet gjer med dette framlegg om eit teknologinøytralt regelverk for fellesfakturerte innhaldstenester. Regelverket er meint å skulle erstatte teletorgforskrifta. Framlegg om ny regulering tar høgde for den tekniske og marknadsmessige utviklinga på området.

Fellesfakturerte tenester er innhaldstenester som vert leverte over elektroniske kommunikasjonsnett (fast- og mobilnett), og som blir fakturerte saman med grunntenesta til tilbydaren. Innhaldsteneste levert over internett som blir betalt over mobilrekninga, eller saman med internettilgang, er òg fellesfakturert teneste. Det er mange ulike typar fellesfakturerte tenester så som spåtenester, TV-stemming (Idol), prateliner, spill m.m. Framlegget omfattar såleis ikkje direktefakturerte tenester.

Samferdselsdepartementet oppretta i desember 2005 ei arbeidsgruppe med medlemmer frå Post- og teletilsynet og Samferdselsdepartementet. Arbeidsgruppa skulle vurdere någjeldande reglar for fellesfakturert teneste, fyrst og fremst representert ved teletorgforskrifta frå 1994, samt føreslå revisjon av desse. Mandatet til arbeidsgruppa er tatt inn innleiingsvis i arbeidsgruppa sin rapport, sjå vedlegg 1.

I arbeidet har Samferdselsdepartementet òg hatt ei referansegruppe med deltaking av innhaldsleverandørar, teletilbydarar, Forbrukarombodet, Forbrukarrådet og Teletorgrådet.

Samferdselsdepartementet gjev si tilslutning til arbeidsgruppas framlegg om eit teknologinøytralt regelverk for fellesfakturerte innhaldstenester, slik dette går fram av arbeidsgruppa sin rapport. Samferdselsdepartementet stør òg i hovudtrekk dei vurderingar som arbeidsgruppa gjer greie for i samband med forslaget sitt.

Postadresse:
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Kontoradresse:
Akersg. 59

Telefon
22 24 90 90 / 22248353
Org. nr.:
972 417 904

Luft-, post- og
teleavdelingen
Telefaks:
22 24 56 09

Saksbehandlar:
Thorunn K. Bakke
22 24 82 53

Dei nye føresegnene vert føreslått tatt inn som eit nytt kapitel i ekomforskrifta, med tillegg av mindre endringar i nokre få andre reglar i forskrifta og i ekomlova § 2-12.

Det vert samstundes gjort framlegg om endringar i tre andre føresegner ekomforskrifta som ikkje gjeld fellesfakturert teneste. Vidare vert det gjort framlegg om ein ny regel § 4-13 i ekomlova som skal gje heimel til å gi føresegner for internasjonal roaming. Samferdselsdepartementets forslag til endringar går fram av følgjande vedlegg:

- Vedlegg 1: Rapport frå arbeidsgruppa om fellesfakturerte tenester, april 2007
- Vedlegg 2: Merknader til endringane i ekomforskrifta
- Vedlegg 3: Forslag til endringar i ekomforskrifta
- Vedlegg 4: Merknader til endringar i ekomlova § 2-12 og ny § 4-13
- Vedlegg 5: Forslag til endringar i ekomlova § 2-12 og ny § 4-13

Høyringsdokumenta er lagt ut på Samferdselsdepartementets heimeside på Regjeringa: <http://regjeringa.no/nn/dep/sd/dok/hoeringer>

Samferdselsdepartementet ber om høyringsinstansanes merknader innan onsdag 15. august 2007.

2. Om framlegget til nye føresegner om fellesfakturerte tenestar

Ei av hovudutfordringane i arbeidet har vore å få fram ei teknologinøytral regulering som i størst mogleg grad gjev ein positiv verknad på marknaden for innhaldstenester, samstundes som ein sikrar forbrukarane betre og får etablert høvelege klage- og tilsynsordningar. Nedanfor blir det kort gjort greie for hovudinnhaldet i dei nye reglane.

Teknologinøytrale regler

Teletorgforskrifta av 1994 regulerer innhaldstenester som blir leverte over fasttelefonnettet over telefonnummer i 820- og 829-seriene (teletorg). I praksis gjeld dagens regulering etter teletorgforskrifta berre for ca. 10% av totalmarknaden for fellesfakturerte innhaldstenester, som samla er på om lag 1,4 mrd kr. Marknaden er i sterk vekst. Resten av marknaden er delvis regulert gjennom bransjeavtalar og generelle paragrafar i straffelova, marknadsføringslova og ehandelslova. Framlegget til nye føresegner omfattar alle former for fellesfakturerte tenester, dvs. òg innhaldstenester som blir fakturerte saman med rekninga for bruk av mobiltelefon og bruk og/eller tilgang til internett. Ved å innlemme dei mobile innhaldstenestene i dei nye føresegnene vil Samferdselsdepartementet styrkje dei generelle reglane for forbrukarvern og særleg vern for barn og unge.

Tilbydarane får fyrstelineansvaret

Ansvar for å sikre at dei nye føresegnene blir følgde opp blir lagt til kvar enkelt tilbydar, dvs. tilbydar av elektronisk kommunikasjonsnett- og teneste, slik han er definert i ekomlova. Dette er ei klargjering i høve til dagens regelverk der sluttbrukarane ofte blir ein "kasteball" mellom tilbydar og innhaldsleverandør.

Kostnadskontroll

Det har vore eit viktig omsyn å gje forbrukarane mogligheit til betre å kunne kontrollere kostnadane ved kjøp av fellesfakturert innhaldsteneste. Sluttbrukar skal som tidligare kunne sperre mot alt kjøp av slike tenester. I tillegg skal sluttbrukar no òg enkelt kunne sperre mot eit utval av nummer, samt mot kjøp av innhaldstenester over ein gitt sum pr. månad. Lågaste beløpsgrense er føreslått til kroner 500.

Det er ikkje føreslått reglar om maksimalprisar eller liknande på noverande tidspunkt, men behovet for å setje pristak vil etter ei tid bli evaluert ut frå den prisingspraksisen som marknadsaktørane vel å leggje seg på.

Samferdselsdepartementet ber særskild om eventuelle merknader til framlegget om kostnadskontroll.

Innhaldsregulering

Samferdselsdepartementet meiner at det ikkje lenger er behov for ei detaljert innhaldsregulering i ekomlovgivinga for å verne vaksne sluttbrukarar. Vi gjer likevel framlegg om ein paragraf som viser til dei allmenne regelsett som gjeld for innhaldstenester for å streke under at tenestene skal vere lovlege etter norsk rett.

Barn og unge er storforbrukarar av fellesfakturerte innhaldstenester. For betre å verne barn og unge mot uønskt og/eller ulovleg innhald skal tilbydar sikre at barn og unge under 18 år *"ikkje blir tilbodne tenester med grove valdsskildringar jf. straffelovens § 382 eller pornografisk innhald jf. straffelovens § 204"*. Ein slik paragraf kan gi utfordringar i praksis, både med omsyn til tilsyn samt det å vurdere innhald, men paragrafen er etter Samferdselsdepartementet si meinig viktig for å understreke behovet for eit særskilt vern av denne gruppa. For å sikre verknad i praksis blir det samstundes stilt krav om at tilbydar registrerer sluttbrukar eller brukar sin fødselsdato, dersom brukar er ein annan enn sluttbrukar.

Samferdselsdepartementet meiner forslaget gjev ein god balanse mellom å tilpasse innhaldsreguleringa til dagens medieverkelegheit og teknologiske utvikling, samtidig som vi legg til rette for innovasjon. Vi ber særskild om høyringsinstansane sine eventuelle merknader til framlegget med omsyn til krav om registrering av alder, og med omsyn til innhaldsregulering for tenester til barn og unge under 18 år.

Klageordning og tilsyn

Ei bransjenemnd, Teletorgrådet, er klageorgan for innhaldstenester som blir fakturerte saman med tilgang til fastnettet (teletorgtenester). Fleire har fremja eit sterkt ønskje om ei felles klageordning for klager på tenester som er regulerte av ekomlova. Handsaming av klager på fellesfakturerte tenester, med unntak av klager som gjeld innhaldet i tenestene, blir i utkastet til nye føresegner lagt til Brukerklagenemnda for elektronisk kommunikasjon. For teletorgtenestene vil dette føre til ei erstatning av noverande klageorgan Teletorgrådet som har vore drifta av bransjen sjølv.

Tilsyn med ekomforskrifta ligg i medhald av ekomlova til Post- og teletilsynet. Eigne føresegner om innhald i høve til barn og unge inneber likevel ei utfordring med omsyn til kva klage- og tilsynsordning ein bør etablere. Verken Brukerklagenemnda eller Post- og teletilsynet har kompetanse til å vurdere innhald. Etter kringkastingslova og filmregelverket er tilsyn med innhald lagt til Medietilsynet som mellom anna har som målsetjing å medverke til trygg mediebruk hos barn og unge. Dei har teke ansvar knytt til barn sin nett- og mobilbruk gjennom SAFT (EU-prosjekt for sikrere internettbruk for barn og unge). Eit ansvar for Medietilsynet for handsaming av klager på innhald i fellesfakturerte tenester til barn og unge vil vere ei naturleg oppfølging av dette, samstundes som det vil vere samfunnsøkonomisk lønnsamt. Departementet føreslår difor, i samråd med Kultur- og kyrkjedepartementet, at Medietilsynet skal vere klageinstans for innhaldsklager etter reglane om fellesfakturerte tenester.

3. Endringar i ekomlova

Presisering av § 2-12 - Klageordning

Som følgje av framlegget om å leggje ei klageordning på ekomlova sitt område til Medietilsynet, har Samferdselsdepartementet samstundes føreslått ei presisering av ekomlova § 2-12, sjå vedlegg 4 og 5.

Ny § 4-13 - Internasjonal roaming

Departementet føreslår at det vert innført ein regel i ekomlova som gjer heimel til å fastsetje nærmare føresegner for internasjonal roaming for mobilkommunikasjon. Heimelen vert gjort generell, men er i fyrste omgong meint for gjennomføring av EU si regulering av internasjonal roaming. Heimelen er ikkje knytt til fellesfakturerte tenester. Sjå vedlegg 4 og 5.

4. Andre endringar i ekomforskrifta

Samferdselsdepartementet nyttar høve til òg å høyra framlegg om nokre få andre endringar i ekomforskrifta, sjå vedlegg 3. Dette gjeld ekomforskrifta sine føresegner om fast forvalg (§ 3-2 *Krav til tilbud om fast forvalg*) og tilbyderportabilitet (§ 3-5 *Plikt til tilbyderportabilitet*). I tillegg vert det gjort framlegg om ein ny regel om nummerimplementering i ekomforskrifta § 6-5. Endringane i ekomforskrifta som gjeld anna enn fellesfakturert teneste, er i hovudsak omtala i utkast til merknader til reglane, sjå vedlegg 2.


5. Økonomiske og administrative konsekvensar


Forslaget vil ikkje føre til økonomiske konsekvensar for bransjen samla sett. Tilbydarane vil kunne få auka kostnader, men vil i praksis kunne avrekne desse mot innhaldsleverandøren. Det vil bli einskilde administrative endringar som følgje av at ansvaret for rekningsklager blir lagt til Brukerklagenemda for elektronisk kommunikasjon og klager og tilsyn med innhald til Medietilsynet. Noverande bransjeordning med Teletorgrådet er finansiert med gebyr frå innhaldsleverandørane. Brukerklagenemda og Post- og teletilsynet er allereie gebyrfinansierte og endringa vil ikkje ha konsekvensar for disse. Medietilsynet blir finansiert over statsbudsjettet og auka utgifter, anslått til om lag eitt årsverk (faste og variable kostnader), som det utvida tilsynsansvaret fører med seg, vert føreslått gebyrfinansiert. Dei administrative utgiftene med gebyrordninga er vurdert til å stå i rimeleg forhold til gebyrinntektene.

* * *

Samferdselsdepartementet ser fram til å ta i mot merknader frå høyringsinstansane.

Med helsing


Jørn Ringlund e.f.



Thorunn K. Bakke

Vedlegg

Likelydande brev sendt til:

Arbeids- og inkluderingsdepartementet
Barne- og likestillingsdepartementet
Finansdepartementet
Fiskeri- og kystdepartementet
Fornyings- og administrasjonsdepartementet
Forsvarsdepartementet
Helse- og omsorgsdepartementet
Justis- og politidepartementet
Kommunal- og regionaldepartementet
Kultur- og kirke departementet
Kunnskapsdepartementet
Landbruks- og matdepartementet
Miljøvern departementet
Nærings- og handelsdepartementet
Olje- og energidepartementet
Utenriksdepartementet

Agder Energi
Alcatel Norway AS
Aspiro
BaneTele
Barneombudet
Barnevakten
BKK Marked AS
Broadwave Communications AS
Broadnet Norge AS
Brukerklagenemda for elektronisk kommunikasjon
Carrot Communications AS
Chess
Cisco Systems Norge
Consorte Norge AS
Dagbladet.no
Datatilsynet
Den Norske Advokatforening
Den Norske Dataforening
Eforum.no,
El- og IT forbundet
Elektronikkbransjens servicekontor AS
Elektronikkforbundet
Easycall AS
Easyconnect AS (Nummeropplysningen 1890)
Eniro Norge AS
Ericsson AS
Forbrukerombudet
Forbrukerrådet Aust-Agder
Forsvarets Forskningsinstitutt,

Forsvarets tele- og datatjeneste
Habbo
Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon
IKT-Norge
Informasjonsteknologinæringens Forening
Innsamlingskontrollen
Institutt for informatikk
Institutt for medier og kommunikasjon
Institutt for rettsinformatikk
IBM Norge AS
Konkurransetilsynet
Landsorganisasjonen i Norge (LO)
Lindorff Match AS
Lyse Tele AS
Medietilsynet
MCI Worldcom AS
Microsoft Norge AS
Mobyson AS
Modern Times Groupe
MTU Networks AS
Nasjonal Sikkerhetsmyndighet (NSM)
NBBL
Network computing spectrum AS
NEMKO
Nera AS
NetCom GSM AS
Network Norway AS
NextGenTel AS
Nokia noreg
Nordisk Mobiltelefon AS c/o Wikborg, Rein & Co
Norsk Kabel-TV forbund
Norsk Rikskringkasting
Norkring, Telenor Broadcast
NORTIB
1880 Nummeropplysning AS
Næringslivets Hovedorganisasjon
Næringslivets Sikkerhetsråd
Orkla ASA
Post- og teletilsynet
Posten Norge AS
Powertech Information Systems
P4 Radio Hele Norge
Schibsted ASA
Siemens AS

Skype Communications
TDC Song
Teleforum
Tele2 Norge AS
Telenor ASA
Teleplan AS
Teletopia AS
Teletopia Mobile Communications AS
Teletorrådet
Telio Telecom AS
TV2 AS
TV4 – Nordisk Televisjon AS
TV3 AS
TVNorge AS
UNINETT
UPC
Ventelo Holding AS
Wicom Communications AS
Worldcom AS